



Møtebok frå konstituerande styremøte Jotunfjell Fjordane Elghundklubb Lom 8.mars 2009

Møtestart: kl.14:00

Desse møtte: Per Inge Solvang, Idar Nygård, Olve Steinset, Ola Auale, Kai Nave og Asbjørn Hansen. Frå tidlegare styre møtte Einar Lyen og Per Erik Sannes.

Sakliste:

- Ss 1/09 Konstituering
- Ss 2/09 Referat frå årsmøte
- Ss 3/09 Heimesida. Oppdatering / prøveresultat 08
- Ss 4/09 Aktivitetsplan / Aktivitetskalender
- Ss 5/09 Aktivitetshelg i Stryn 3. - 5.juli 09
- Ss 6/09 Vestlandsutstillinga i Førde 23.mai 09, komité
- Ss 7/09 Fellesutstilling på Lom, komité, oppfølging av årsmøtevedtak
- Ss 8/09 Rutinar ved innbetaling av kontingentar
- Ss 9/09 Refundering av diverse utgifter til dommarar, leiarar og tillitsvalde
- Ss 10/09 Oppseiing av Crystone
- Ss 11/09 Bilag frå NKK, opplysningar om kva dette gjeld
- Ss 12/09 Bestille separat bandhundprøve, som seinare kan forlengast inn i 2010 for prøver på vestlandet
- Ss 13/09 Kurs for bandhunddommarar og elevar. (Instruktør Johan Dalseg)
- Ss 14/09 Jaktprøvekomité??

Ss 1/09 Konstituering

Konstituert styre for 2009

Funksjon	Namn	Telefon	E-post
Formann	Per Inge Solvang	412 33 925	ing-solv@online.no
Nest formann	Ola Auale	913 83 220	olaual@online.no
Kasserar	Idar Nygård	415 50 288	idarnyg@online.no
Sekretær	Olve Steinset	908 62 547	olve@epost.no
Styremedlem	Asbjørn Hansen	905 49 152	asbhase@online.no
Vara til styre	Kai Nave	913 28 451	kai.nave@sdsl.no
Vara til styre	Odd Rindhølen	918 53 850	



Ss 2/09 Referat frå årsmøte

Utskrift frå årsmøteprotokollen vart gjennomgått og korrigert for feil/misstydingar.

Vedtak

1. Årsmelding, utskrift frå årsmøteprotokoll, saker frå årsmøte til RS 09, namn på utsendingar til RS sendast til forbundsstyre omgåande. Olve Steinset syter føre dette.
2. Per Inge Solvang og Olve Steinset vert utsendingar frå klubben til RS 09
3. Referat frå årsmøte vert lagt ut på klubbens heimeside, Olve Steinset syter føre dette.

Ss 3/09 Heimesida. Oppdatering / prøveresultat 08

Styret ynskjer at medlemmane i klubben skal finne all naudsynt medlemsinformasjon tilgjengeleg på klubbens heimeside, at den vert regelmessig oppdatert og vedlikehalt. Dette for at ein skal lette det administrative arbeidet og unngå store unødige kostnader ved postsendingar.

Vedtak

1. Olve Steinset vert med å vedlikehalde og oppdatere klubbens heimeside.
2. Ved annonsering, som til dømes i bladet Elghund, skal adressa til klubbens heimeside vere med, samt kort informasjon om kva ein finn der av naudsynt informasjon, som brødtekst i annonsen.

Ss 4/09 Aktivitetsplan / Aktivitetskalender

Klubbens aktivitetsplan/aktivitetskalender lyt oppdaterast slik at vedtekne aktivitetar vert lagt inn.

Vedtak

Oppdateringa skal samordnast i samarbeid med Christian Vole.

Ss 5/09 Aktivitetshelg i Stryn 3. - 5.juli 09

Fjorårets aktivitetshels i Stryn var ein suksess og fekk god mottaking frå dei som deltok på den. Styret ynskjer difor å halde fram denne aktiviteten og gjere sitt til at langt fleire kan finne høve til å delta, særleg er det ynskjeleg at medlemmar på "austsida av fjellet" og finn høve til å ta turen over.

Vedtak

Idar Nygård tek ansvar for at det vert arrangert aktivitetshelg i Stryn 3. - 5.juli 09. Han set sjølv saman ein hensiktsmessig komité.



Ss 6/09 Vestlandsutstillinga i Førde 23.mai 09, komité

Komiteen for denne utstillinga er ikkje klar og det hastar med å få denne på plass så raskt råd er, slik at førebuing, annonsering og arbeidet med utstillinga kan ta til.

Vedtak

1. Idar Nygård sikrar at Odd Grov vert engasjert som ringleiar på utstillinga.
2. Olve Steinset tek kontakt med Bjørn Marthinussen og Åge Tansøy med førespurnad om dei i fellesskap kan ta på seg oppgåva som utstillingsleiar. Vidare høyre om Bjørn Marthinussen kan ta på seg oppgåva med å sette saman ein utstillingskomité med folk i Førde området.

Ss 7/09 Fellesutstilling på Lom, komité, oppfølging av årsmøtevedtak

Årsmøte gjorde fyljande vedtak, sitat:

” Årsmøtet vedtok å fortsette samarbeidet med felles utstilling, med oppmoding til det nye styret om å innskjerpe krav til rekneskap og rapport frå utstillingane.”

Styret ynskjer å komme i konstruktiv dialog med styret i Gudbrandsdalen elghundklubb med det siktemål å halde fram ordninga med fellesutstilling i åra frametter. Ein vil difor freiste å få til felles retningsliner for komitéarbeidet, som oppfyller årsmøtets vedtak.

Vedtak

1. Per Inge Solvang tek kontakt med formannen i Gudbrandsdalen elghundklubb med sikte på å få utarbeida slike felles retningsliner.
2. Olve Steinset og Per Inge Solvang utarbeider framlegg til slike retningsliner, etter at Per Inge har vert i kontakt med formannen i Gudbrandsdalen elghundklubb, som kan danne grunnlag for ein slik avtale. Utkastet oversendast Gudbrandsdalen elghundklubb, slik at dei kan komme med sine framlegg til eventuelle endringar/tilføyingar etc..
3. Endeleg utkast til retningsliner/avtale vert å legge fram for styret til avgjer når den er klar.

Ss 8/09 Rutinar ved innbetaling av kontingentar

Kasseraren i klubben brukar uforholdsmessig mykje tid på å purre folk for kontingent i samband med avgatte prøver. Når innbetaling skjer lyt det og innskjerpast at betalar merkar av for kva betalinga gjeld.

Vedtak

Kvitering for betalt kontingent skal forvisast domar før vedkommande får gå prøve, alternativt betale kontant før start. Styret vil innskjerpe ovanfor domarane at ingen får gå prøve utan at betaling er gjort på førehand.



Ss 9/09 Refundering av diverse utgifter til domarar, leiarar og tillitsvalde

Styret finn det rimeleg at domarar, leiarar og tillitsvalde i klubben får refusjon for faktiske utgifter dei har i høve til å skjømte sitt verv.

Vedtak

1. Olve, i samarbeid med Per Inge, utarbeider utkast til "stillingsinstruksar" for medlemmar av styret, som fortel kva oppgåve den einskilde er tillagt. Utgifter styremedlemmar har i høve til slike oppgåver vil verte refundert etter spesifisert rekning.
2. Utgifter domarar og utvalsleiarar har i samband med å skjømte sitt verv vil verte refundert på same vis som for styremedlemmar.

Ss10/09 Oppseiing av Crystone

Idar Nygård hadde betalt ei purring frå Crystone, men fått informasjon om at dette var ein gammal avtale, som kunne seiast opp. Mykje tyer på at Crystone er dei vi har våre nettsider hjå og avtalen kan difor ikkje seiast opp. Dette er eit forhold som lyt undersøkast nærmare. I dag er det Visus AS som er eigarar av domenet jotfjord-elghund.no. Vi lyt difor kontakte dei for å få vite kvar nettsidene er plassert.

Ss11/09 Bilag frå NKK, opplysningar om kva dette gjeld

Mange medlemmar kastar bladet Hundesport, frå NKK, utan å opne plastikken rundt bladet, med det resultat at dei og hiv giroblanketten for fornying av medlemsskapet. Resultatet vert at dei dett ut som medlem utan eigentleg å ynskje det. Kanskje er dette ei sak å minne medlemmar om gjennom bladet Elghund, som dei fleste nyttar tid på å lese.

Ss12/09 Bestille separat bandhundprøve, som seinare kan forlengast inn i 2010 for prøver på vestlandet

Det vart på årsmøte fremma ynskje om å kunne arrangere bandhundprøve på vestlandet på ettervinteren, der snøen ikkje er noko problem.

Vedtak

Per Inge undersøker moglegheita av å få tildelt slik prøve frå forbundet.

Ss13/09 Kurs for bandhunddommarar og elevar. (Instruktør Johan Dalseg)

Der er ynskje i klubben om å få arrangert slikt kurs. Per Inge tar kontakt med Johan Dalseg for om mogleg å få i stand eit slikt kurs.



Ss14/09 Jaktprøvekomité??

Årsmøte valte Egil Skogum til å overtar organisering og påmelding til jaktprøve 2009. Olve Steinset sender ut informasjon til dei som er valt til ulike oppgåve og verv frå årsmøte.

Møte slutt kl.17:00

Referent: Olve steinset